

Vurdering av rutinar ved innføring av e- resept i kommunen

Dette dokumentet er eit vedlegg til det generelle informasjonsbrevet og må sendast vidare til *alle* einingar som handterer reseptar på vegne av pasientar.

Dokumentet finns også i elektronisk versjon på www.eresept.no under fana "Kommune". Send gjerne med kopi av fakta-arket også, det gir verdifull informasjon.

Innføring av e-resept og konsekvensar for kommunen

Innføring av e-resept medfører at kommunen må gå gjennom og oppdatere rutinar i einingar der kommunen har eit ansvar for resepthandtering på vegne av pasientar. Det kan være i:

- Heimebaserte tenester
- Omsorgsbustader
- Busenter/bufellesskap
- Psykiatriteneste
- Koordinatorar for flyktningar
- Andre einingar som handterer reseptar på vegne av andre

Dette kan gjelde rutinar for bestilling av varer/legemiddel på eksisterande reseptar, fornying av reseptar og reseptar for nye varer/legemiddel. Eventuelle nye rutinar må tas opp med aktuelle legar, apotek og bandasjistar. Dersom det er behov for papirutskrift med oversikt, kan apoteket eller legen gi dette.

Korleis fungerer e-resept:

For å kunne leggje om rutinane, må ein forstå korleis e-resept fungerer:

E-resept er ei elektronisk kjede for samhandling mellom aktørar som handterer reseptar og legemiddelinformasjon. E-resept fungerer på den måten at legen rekvirerer legemiddelet i ein elektronisk pasientjournal og sender resepten elektronisk til ein sentral database (Reseptformidlaren, kald RF), i staden for å gi papirresept til pasienten. På apoteket eller hos bandasjisten må pasienten gi opp fødselsnummeret sitt. Deretter kan ein søkje fram og ekspedere resepten.

Nokre fleire nyttige fakta om elektroniske reseptar:

- **Reitererte reseptar:** E-resept er lagt til rette for dette. Resepten ligg i Reseptformidlaren og varen kan takast ut på kva apotek som helst der e-resept er innført. Merk: Legen som føreskriv får utleveringsmelding ved

utlevering på resepten, men får ikkje noko eige varsel i systemet sitt når det ikkje er meir igjen på resepten.

- **Oversikt over alle gyldige reseptar:** Kan skrivast ut av apotek.
- **Oversikt over legemeddel i bruk:** Kan skrivast ut av legen. Visar både e-reseptar, papirreseptar og eventuelle andre legemeddel i bruk.
- **Låst resept:** Ein pasient kan be om ein låst resept. Pasienten vil då få eit referansenummer for resepten, og resepten kan berre søkjast fram ved bruk av det referansenummeret. Pasientar som ikkje har norsk fødselsnummer eller D-nummer, får automatisk ein låst resept med referansenummer.
- **Ekspederingsanmodning:** E-resept er tilpassa at legen kan lage ein resept, og sende med ei anmodning som går direkte til eit vald apotek, slik at resepten vert ekspedert der. Ulike former for ekspederingsanmodningar er:
 - Utlevering
 - LAR
 - Forsending (her kan legen leggje inn valfri adresse, for eksempel adressa til heimetenesta, slik at medisinarane sendast direkte dit)

Tilfeller der e-resept ikkje er aktuelt enno:

- **Sjukehuslegar** tek ikkje i bruk e-resept for rekvirering enno. Apotek som har innført e-resept vil framleis kunne ekspedere papirreseptar.
- **Multidose:** Løysinga for å handtere multidose er ikkje ferdigstilt. Inntil dette er innført må ein oppretthalde dagens rutinar for pasientar med multidose.
- **Bruk av apotek/bandasjistar som ikkje har e-resept enno:** I tilfeller der dykk har avtale med apotek/bandasjist som ikkje enno har innført e-resept, må dykk gi legen beskjed om å halde fram med papirreseptar for dei aktuelle pasientane inntil apoteket/bandasjisten har innført e-resept. Oppdatert oversikt over kommunar der e-resept er innført og plan for vidare kommunar, finn dykk på www.eresept.no – under fana "Nasjonal innføring".
- **For brukarar med langtidsopphald i institusjon** nyttast ofte ikkje reseptar ved rekvirering av legemeddel. Rutinar knytt til rekvirering utan resept skal ikkje endrast ved innføring av e-resept.

Om dykk har spørsmål, ta kontakt med oss på e-post: ereseptstart@helsedir.no.